| Dato | Elevkode | Kjønn: | Det første språket du lærte: | |
|---|---|---|---|---|
| 13.2.14 | p619 | jente ☐ gut ☒ | norsk ☒ anna ☐ | Utkast 2 |

Kjære lærer!

Dette er ein elevpresentasjon av meg sjølv. Du er kanskje spent på kven eg er.

Mitt navn er [redacted] og eg bur i [redacted] 46. Eg er ein glad og livlig gut. Eg liker å sykle og å spela fotball. På fritida mi spelar eg kornett i eit skulekorps. Eg har spelt i fire år og begynner og bli lei. I vår familie er det fem stykk. Foreldrene mine er skilt så pappa bur i [redacted]. Eg er hos han anna kver helg. Eg bur med mamma,

stefar og storebror som er femten år. Eg har og ein stebror som bur i Stavanger og er sytten år.

Eg likar skulen og har mange venner. Når det gjeld det faglege så jobbar eg godt i timane, men av og til kan det bli litt prating. Faga eg likar er matematikk, gym og engelsk. Dei faga eg ikkje likar er Naturfag, Sammfunsfag og RLE, fordi nokre gonger kan det bli litt vanskeligt å forstå. Eg er best i dei faga eg likar. Som sagt så er det litt vanskeligt å forstå i.

Eg er spent på å få sjå kven eg kommer i klasse med og korleis det kommer

til å gå i fagane. Når eg tenkjer på ungdomskolen, tenkjar eg mest på framføringane og korleis det kommer til å gå når eg skal snakka framfor klassen. Eg gler meg til å få arbeids-veker og å treffa nye folk og lærerar.

Eg gler meg til å treffa deg og dei andre i klassen. Det vert spennande å komme til ungdskolen.

Vennlig hilsen [redacted]

[redacted]